



## Nyheitsbrev frå kommunedirektøren desember 2023

Vi har ei målsetting om å informere jamnleg om det som skjer i kommunen. Her informerer vi om aktuelle saker som er av interesse for alle som jobbar i kommunen.

### Nye folkevalde



Vi har fått nytt kommunestyre og har gjennomført folkevaldopplæring. Å få ein god start på det på politiske arbeidet er viktig. Rammevilkåra rundt det å vere folkevald må vere klårt. Difor hadde vi ein gjennomgang av den politiske og administrative organiseringa av kommunen. Presentasjon av kommunalsjefane og dei ulike sektorane i kommunen var del av det. Likeså ei orientering om kor dei folkevalde finn sakene, i innkalling og aktuelle reglement og oppslagsverk til bruk i arbeidet.

### Innføring av ny kvalitetshandbok

Vi er i gang med innføring av nytt kvalitetssystem med modular som: Dokumentbibliotek, avviksmodule, risikomodule og årshjul.

Det nye it-systemet heiter NETPOWER og vert truleg teken i bruk ein gong etter påske. I mellomtida er det viktig at de fortset å bruke Kvalitetshandboka som vi har pr. i dag. Prosjektgruppa som jobbar med innføringa er: Randi Kyrkjebø, Petter Hagenlund, Ingvar Flekke, Connie Hovland, Ingeborg Tysnes, Jeroen van Gangelen og Anita H. Zadig.

## Intranett

Utpå nyåret vil det blir lansert ei intranettløysing i Teams som gjer det mogeleg for einingane å legge ut informasjon for tilsette. Målet med løysinga er at det skal vere lettare å nå ut med informasjon til tilsette og mellom anna redusere bruk av e-postar. Prosjektgruppa som jobbar med innføringa er: Annikken Myklebust, Jostein Vagstad, Sølvi Tjugen og Anita Zadig.

## Kulturhuset Samvirket



Etter ein lengre rehabiliteringsperiode er no Samvirket opna.

PreForm AS leiger storsalen med tilhøyrande lokale og har besøk av teatergrupper og lydprodusentar som produserer kunst og kultur.

Kulturavdelinga er ansvarleg for møteplassen i bygget. Dette lokalet er gratis å nytte for lag og organisasjonar. Frivilligsentralen står for dagleg drift og har også ansvaret for klubb for 5.-7.

klasse kvar torsdag ettermiddag. Det er i tillegg ope to ettermiddagar til i veka for ungdommar. Ta kontakt med Rhona Thingnes dersom det er interesse for å låne bygget.

Sjå også eigne nettsider på

[www.samvirket-fjaler.no](http://www.samvirket-fjaler.no)

## Oppvekst

Til liks med skifte i kommunedirektørstillinga vart det også skifte i stillinga for Kommunalsjef oppvekst i haust. Ingvard flytta over til rektorstolen på Flekke skule og barnehage medan Kjell Stien tok til i kommunalsjefstillinga i slutten av august. Innan oppvekst vil fokus neste år vere å halde fram med det gode arbeidet der tillit, samarbeid og utvikling står i høgsete.

## BTI—Betre Tverrfagleg innsats

Vi har fått innvilga i underkant av 600.000 kr i BTI-midlar. BTI er eit samhandlingssystem for korleis ein skal betre samhandle kring barn og familiar som treng koordinerte tenester. Prosjektmidlane skal nyttast til å styrke samarbeidet rundt alle instansar i kommunen som jobbar med barn og unge.

## Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel nærmar seg endeleg eit vedtak, noko både administrasjonen, næringsliv og innbyggjarar ser fram til. Med arealplanen i hamn har vi eit godt styringsverktøy for vidare utvikling og vi kan ta fatt på nye spennande planoppgåver som områdeplan for Dale og detaljregulering av nytt bustadfelt på Bjerga.

## Beredskapshuset

Fjaler brannvesen har no etter 1 år i drift i det nye beredskapshuset funne seg godt til rette i nytt hus saman med Helse Førde og Sivilforsvaret.



## Infrastruktur - samferdsel

Det er i 2023 inngått nye kontraktar for vintervedlikehald, gjennomført asfaltering av kommunale vegar, samt rehabilitering av bruer. Det er no utbygd breiband i store deler av kommunen, men det gjenstår framleis utbygging av enkeltområde som vil bli ferdig utbygd i løpet av 2024. I 2024 er det mange nye prosjekt innan veg/bruer, vatn og avløp.

## Integreringstenesta

Fjaler kommune tok imot 20 flyktingar i 2023 og har sagt ja til same tal for 2024. Ein auka opp tenesta me to nye stillingar frå oktober 2023 for å klare å ta imot desse på ein god måte.

## Kulturskulen i Hyllestad, Askvoll og Fjaler

Hyllestad og Fjaler har hatt eit samarbeid om kulturskule sidan 2007. Dei siste par åra har Askvoll kjøpt rektortenester frå Hyllestad og Fjaler kulturskule, og ein har samstundes utvikla eit langt tettare samarbeid mellom dei to kulturskulane.

Frå neste år er dette formalisert i ein samarbeidsavtale som vi er glad for at alle tre kommunane no har godkjent.

## Arbeid med forbetring av kommuneøkonomien

Fjaler kommune har ein krevjande økonomisituasjon. Det er fleire årsaker til at det er slik og vi kjem etter nyttår til å starte eit arbeid med å gjennomgang av drifta for å finne moglegheiter for korleis vi kan få til ei betring. Vi planlegg å kunne ha ei grovanalyse klar tidleg på nyåret. Prosjektgruppa som vil vere involvert i arbeid med innsparing er alle med leiaransvar, samt tillitsvalde.

## Studiesenter Kysten

Studiesenter Kysten skal legge til rette for meir fleksibel og desentralisert høgare utdanning – tilpassa folk, kommunar og det lokale arbeidslivet sine behov.

Studiesentera skal vere ei fysisk eining som er ein møteplass utanfor utdanningsinstitusjonane sine eigne studiestader, og som legg til rette for utdanning og kompetanseutvikling i samsvar med behovet til dei enkelte individ, privat næringsliv og offentleg verksemd i ein region. Arez v/Arlen Solheim vil vera koordinator for prosjektet for Askvoll og Fjaler kommune.

## Julehelsing

Nok eit år er passert og vi er ei innspurten fram mot julehøgtida. Året som snart er ferdig, har vore fylt med innsats, målretta arbeid og samarbeid. Hausten har for min del handla om å bli oppdatert på kommunen si drift, utfordringar og moglegheiter. Dei siste månadane har eg ilag med kommunalsjefane besøkt fleire av tenestestadane. Eg har ikkje vore rundt til alle enno, så vi kjem til å fortsette med besøka etter nyttår. Det har vore veldig kjekt å kome på besøk. Vi har vore godt mottatt og eg opplever eit stort engasjement hjå alle i det viktige arbeidet med å levere gode tenestar til innbyggjarane. Eg vil rette ei stor takk til kvar og ein for hardt arbeid og engasjement – det er noko de kan vere stolt av.

Eg vil med dette ynskje alle ei fredfull julehøgtid og takke så mykje for godt samarbeid og innsats i året som har gått! Lat oss alle fortsette det gode arbeidet for Fjaler kommune der det er godt å bu, jobbe og vekse opp.

Med ynskje om fredeleg og god jul. Håper de alle får gode dagar der de fyller på med energi til eit travelt, men enda betre nytt år!

Ola Hovland  
kommunedirektør

